



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
30.07.2018
Dykkar dato
01.06.2018

Vår referanse
2016/13427 421.4
Dykkar referanse
16/1662

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Urhaug bustadområde på Manger

Vi viser til brev frå kommunen datert 01.06.2018. Saka gjeld offentlig ettersyn av reguleringsplan for Urhaug bustadområde.

Føremål med planarbeidet er å utarbeide detaljreguleringsplan for å leggje til rette for ein god utbygging av bustadområde med tilhøyrande veg- og grøntareal. Det er planlagd høg utnytting med konsentrert busetnad.

Fylkesmannen sine merknader

Fylkesmannen si vurdering er at planen i hovudsak er godt gjennomarbeida.

Vi har merknad til føresegn knytt til område f_BUT1. Området skal fungere som leikeareal for BFS5, 6, 7 og 8. Det er knytt rekkjefølgjekrav til opparbeiding før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest til BFS5 og BFS6. I punkt 3.1.1 i føresegnene sår det: *f_BUT1 er ute- og opphaldsareal og kan nyttast til leik*. Fylkesmannen meiner at føresegna knytt til f_BUT1 er for uklare. Det er knytt rekkjefølgjekrav til området og det må då vere klart kva det er krav om. Området er også rekna med som leikeareal i planskildringa og Fylkesmannen meiner då at dette område må ha krav om opparbeiding av nokre leikeapparat på lik linje med områdene f_BLK.

Fylkesmannen meiner også at det er uheldig at det ikkje skal opparbeidast fortau i planområdet. Vi meiner at det bør vurderast om det er mogleg å få til fortau, iallfall på dei mest trafikkerte vegane innanfor planområde.

Vi ynskjer lykke til med vidare planarbeid.

Med helsing

Kjell Kvingedal
avdelingsdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen, Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER